
Søkjær

Institusjonsopplysningar

Institusjonsnamn	Etne bibliotek
Institusjonens e-postadresse	etne.bibliotek@etne.kommune.no
Postadresse	Strondavegen 30
Postnummer	5590
Poststad	Etne
Leiar av institusjonen	
Fornamn	Signe
Etternamn	Ytrøy
Telefon	41 188 242
E-post	signe.ytroy@etne.kommune.no
Er institusjonens leiar kontaktperson for prosjektet?	Ja

Søknadstype

Vel søknadstype

Søknadstype	Innsatsområde
Innsatsområde	• Nye samarbeidsformer

Prosjekt

Beskriv prosjektet

Prosjekttittel	Brukardreven innovasjon i bibliotek.
Mål	Målet med prosjektet er å undersøke og hauste erfaring med brukardreven innovasjon. Vi vil teste om systematisk innsamling av kunnskap om målgrupper, og testing av «målgrupperetta» arbeid er noko me kan arbeide vidare med og implementere som ein ny måte å jobbe på når me skal utvikle nye tilbod. Og når me skal vurdere og prioritere eksisterande tilbod.
Prosjektbeskriving	<p>Biblioteka sine tilbod konkurrerer med folk si tid, merksemd og energi. Tilboda våre skal være demokratiske og relevante, og inngå i ein større opplevelsesøkonomisk samanheng. Men korleis veit me at tilboda og innhaldet vårt er relevant? Eller demokratisk? Og korleis kan me nå ut til fleire enn dei som allereie brukar biblioteka?</p> <p>Å ta i bruk nye metodar, å definere målgrupper og å undersøke folk sine behov og preferansar kan gi oss verdifull ny innsikt som kjem brukarane våre (og kanskje nye brukarar) til gagn. Men nye arbeidsmetodar og prosjekt krev tid og ressursar - og kunnskap. Difor søker me NB om midlar til å skaffe oss kunnskap om dette og ressursar til å kunne jobbe strategisk med det og setje i gang eit prosjekt 2024.</p> <p>Alle dei biblioteka som inngår i samarbeidet skal gjennomføre sine egne prosjekt der me prøver ut metoden. Førebelse planar for utprøving av metoden er: Korleis skal me nå ut til ulike, definerte målgrupper? Korleis engasjerer me brukarane når me skal flytte eit bibliotek? Korleis skapar me ein bibliotekplan med utgangspunkt i brukarane sine behov?</p> <p>Undervegs i prosjektet kjem me til å ha regelmessig dialog og vere støtte for kvarandre for å drive dei lokale prosjekta vidare. Dette er eit samarbeidsprosjekt, men med lokale variasjonar etter dei ulike biblioteka sine behov. Grunna lange avstandar mellom biblioteka kjem mesteparten av dialogen til å føregå digitalt.</p>

Framdriftsplan

Prosjektet er Eitårig

Aktivitetsplan for prosjektet

Andre opplysningar

Andre opplysningar/kommentarar om framdrifts-/aktivitetsplan

Brukardreven innovasjon inneheld ein to dimensjonar, ein «kunnskapsdimensjon» og ein «medverknadssdimensjon». Kunnskap om brukarane sine preferansar, ynskjer, behov og vanar. Og medverknad når brukarane i praksis deltek i utvikling av nye tilbod/produkt.

Det finnst fleire metodar for brukardreven innovasjon. I denne samanhengen vurderar me at det er relevant å sjå nærmare på og utprøve NABC - metoden. Ein metode som gjev oss innsikt i folk sine interesser, preferansar, behov, vaner og ynskjer hjå målgrupper.

Me har ynskje om å teste ut metoden på ulike målgrupper på dei ulike biblioteka. Metoden kjem til bli brukt breitt sidan biblioteka er av ulik storleik og har ulike behov. Dette vil gjere at overføringsverdien av prosjektet vil bli stor.

Budsjett

1. prosjektår

Søknadsbeløp frå Nasjonalbiblioteket 372 000

Andre inntekter 1. prosjektår

Beskriving Eigeninnsats frå 6 bibliotek.

Beløp 248 000

Inntekter totalt 1. prosjektår: 620 000

Utgifter 1. prosjektår

Beskriving Kurs og studietur for 8 personar: 200 000
Administrasjon, prosjektleiing: 100 000
Arbeidsinnsats i 6 bibliotek; 200 000
Workshop med brukarar i 6 bibliotek: 120 000
Totale utgifter: 620 000,-

Beløp	620 000
Utgifter totalt 1. prosjektår:	620 000
Totalt	0

Samarbeidspartnarar

Har du samarbeidspartnar(ar)? *	Ja
Namn	Stad bibliotek
Beskriv samarbeidet	<p>På bakgrunn av prosjektet "Å Vestland Vestland - nye og revitaliserte samarbeid i eit nytt fylke" til Bibliotekutvikling Vestland, vart ei samarbeidsgruppe for leiing, innovasjon og utvikling i biblioteka danna. Gruppa vart danna på grunnlag av felles motivasjon for å teste ut nye formar for samarbeid og nyskaping, kor innovasjon er grunntanken. Gruppa består av seks bibliotekleiarar (Stad, Sunnfjord, Lærdal, Kvinnherad, Sveio og Etne), frå seks bibliotek med ulik storleik og plassering i fylket.</p> <p>Alle dei biblioteka som inngår i samarbeidet skal gjennomføre sine eigne prosjekt der me prøver ut metoden. Førebelse planar for utprøving av metoden er: Korleis skal me nå ut til ulike, definerte målgrupper? Korleis engasjerer me brukarane når me skal flytte eit bibliotek? Korleis skapar me ein bibliotekplan med utgangspunkt i brukarane sine behov?</p> <p>Undervegs i prosjektet kjem me til å ha regelmessig dialog og vere støtte for kvarandre for å drive dei lokale prosjekta vidare. Dette er eit samarbeidsprosjekt, men med lokale variasjonar etter dei ulike biblioteka sine behov. Grunna lange avstandar mellom biblioteka kjem mesteparten av dialogen til å føregå digitalt.</p>
Namn	Sunnfjord bibliotek

Beskriv samarbeidet	Som beskrive over, i avsnittet samarbeidet med Stad bibliotek.
---------------------	--

Namn	Lærdal bibliotek
------	------------------

Beskriv samarbeidet	Som beskrive over, i avsnittet samarbeidet med Stad bibliotek.
---------------------	--

Namn	Kvinnherad bibliotek
------	----------------------

Beskriv samarbeidet	Som beskrive over, i avsnittet samarbeidet med Stad bibliotek.
---------------------	--

Namn	Sveio bibliotek
------	-----------------

Beskriv samarbeidet	Som beskrive over, i avsnittet samarbeidet med Stad bibliotek.
---------------------	--

Vedlegg

Last opp vedlegg

Samandrag og innsending